



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hilde Solend Vindedal, 55572338

Høyring av framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Statsforvaltaren sender med dette framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde på høyring. Frist for å komme med innspel til forvaltningsplanen er 10. november 2023.

Vi viser til brev sendt 18. februar 2022 om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Verneområdet vart oppretta ved kongeleg resolusjon 23. juni 2020. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for verneområdet.

Formål med forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneføremålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanar skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen inneheld skildring av naturverdiane i verneområdet, bruk og brukarinteresser, forvaltningsutfordringar, aktuelle tiltak og retningslinjer for bruk. Forvaltningsplanar blir utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift, og opnar ikkje for ny vurdering av verneforskrift. Ein forvaltningsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument og inneberer ikkje nye restriksjonar, men gir retningslinjer for kva som er lov og ikkje ut frå ramma i verneforskrifta.

Planarbeidet

Rådgivende Biologer utarbeida eit framlegg til forvaltningsplan på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Vedlagt planen er det kart over fiskeri, naturmangfald, friluftsliv og kulturminne, utslepp og kjemisk og økologisk tilstand.

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er det første marine verneområdet i Vestland fylke. Verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 71km² i Alver kommune og Austrheim kommune. Føremålet med vernet (jf. § 1 i verneforskrifta) er *å ta vare på eit unikt fjord – og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten Periphylla periphylla og ishavsåte Calanus glacialis, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde*



verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vasssøyla og sjøbotn.

Lurefjorden og Lindåsosane er prega av ein god del aktivitet, spesielt er ferdselen med båt stor og det er også ein del fiske, friluftsliv og turisme i området. Det er navigasjonsinstallasjonar, sjøkablar og avløpsanlegg i området. Tilgrensande område er prega av spreidd busetnad, fritidsbustader, naust og ulike anlegg. Verneområdet er sårbart for ureining, fjorden har ei naturleg utfordring som resipient der all vassutskifting skjer over fire svært grunne tersklar. Kunnskapsgrunnlaget for verneområdet er tilfredsstillande, men kan bli endå betre. Meir kartlegging i verneområdet er difor eit prioritert tiltak på tiltakslista i forvaltningsplanen.

Innspel til oppstartsmeldinga

Det kom 11 innspel til oppstartsmeldinga. Innspela var frå Alver kommune, Austrheim kommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Lindåsslusane, Naturvernforbundet Nordhordland, Seimbygg, Statnett, Statens vegvesen og WWF. Innspela er følgt opp så godt det har late seg gjere innanfor ramma av verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Vidare prosess

Arbeidet med forvaltningsplanen skal vere ein open prosess der det er høve for alle som ønskjer det å kome med innspel til framlegg til forvaltningsplanen. Vi vil samarbeide med Alver kommune, Austrheim kommune og andre organisasjonar og interessentar gjennom prosessen. Det kan vere aktuelt å arrangere eit møte i løpet av høyringsperioden dersom det er interesse for det.

Den vedlagte adresselista viser kven som er mottakar av høyringsbrevet for forvaltningsplanen. Vi ønskjer at alle relevante partar får sjansen til å kome med innspel. Dersom de ser at det er enkelte partar som ikkje har fått tilsendt høyringsbrevet ber vi om tilbakemelding. Dersom det er noko som ikkje er teke med i planen og som bør omtalast ønskjer vi gjerne innspel på dette. Til dømes kan det vere fleire sjøkablar og installasjonar i verneområdet enn vi har kartlagt, eller andre anlegg og verksemder i tilgrensande område som bør bli omtalt.

Etter høyringa vil vi gå gjennom innspela og innarbeide desse så langt det let seg gjere. Forvaltningsplanen for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde vil truleg vere godkjent i løpet av 2023.

Framlegg til forvaltningsplanen er tilgjengeleg på FPNV (verktøy for forvaltningsplanar på nett) [Se - VV00003638 - FPNV \(Forvaltningsplaner på nett\) \(naturbase.no\)](https://naturbase.no), og på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside under Høyringar, [Høyringar | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no). Der er også innspel til oppstartsmeldinga om arbeidet med forvaltningsplanen lagt ut.

Frist for å kome med innspel til forvaltningsplanen er **10. november 2023**. Innspel skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, sfvl@statsforvalteren.no. Ta kontakt for meir informasjon!

Med helsing

Maria Knagenhjelm
Seniorrådgjevar

Hilde Solend Vindedal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakarliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD FISKERIDIREKTORATET	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
KYSTVERKET LINDÅS SLUSENE	Postboks 1502 c/o Ragnhild T. Langøy	6025	ÅLESUND
STATNETT SF	Postboks 4904 Ny dalen	0423	OSLO
SEIM BYGG AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
NATURVERNFORBUNDET NORDHORDLAND	c/o Jan Nordø Hoplandssjøen 74	5943	AUSTRHEIM
STIFTELSEN WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
DEN NORSKE TURISTFORENING FORSVARSBYGG	Youngstorget 1 Postboks 405 Sentrum	0181 0103	OSLO OSLO
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
FISKARLAGET VEST	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
STATENS VEGVESEN VEGDIREKTORATET	Postboks 8142 DEP	0033	OSLO
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	Postboks 7030	5020	BERGEN
NORGES KYSTFISKARLAG	Postboks 97	8380	RAMBERG



STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
REGION NORDHORDLAND IKS	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
UNIVERSITETET I BERGEN	Postboks 7800	5020	BERGEN
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
NORGES DYKKEFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Dronningens gate 11	0152	OSLO
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
STATKRAFT SF	Lilleakerveien 6	0283	OSLO
VEST POLITIDISTRIKT	Postboks 85	6901	FLORØ
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 56	7701	STEINKJER
NATURHISTORISK MUSEUM	Sars' gate 1	0562	OSLO
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegate 8	0183	OSLO
BIRDLIFE NORGE AVD. HORDALAND	Nipedalen 95	5164	LAKSEVÅG
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	Hellebakken 45	5039	BERGEN
KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP NORDHORDLAND OG GULEN	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSKAP IKS	Lindåsvegen 1480	5956	HUNDVIN
NESFOSSEN SMOLT AS	Mariboegate 8	0183	OSLO
SABIMA	Postboks 600	3507	HØNEFOSS
STATENS KARTVERK	Sentrum		



NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORDHORDLAND DYKKERKLUBB	Postboks 49	5941	AUSTRHEIM
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Stakkevollan	9037	TROMSØ
LYNGHEISENTERET	Lygra	5912	SEIM
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 102 Blindern	0314	OSLO
REGION NORDHORDLAND IKS	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
FRIVANNSLIV AS	Mjåtveitflaten 55	5918	FREKHAUG
KILSTRAUMEN BRYGGE AS	Kilstraumen 1	5943	AUSTRHEIM
STIFTELSEN MUSEUM VEST v/Bergens Sjøfartsmuseum	Lyngneset 2	5302	STRUSSHAMN
NORSK FRILUFTSLIV	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
MILJØDIREKTORATET v/Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
DUPONT NUTRITION	Postboks 223	1377	Billingsstad
Sjømat Norge	Postboks 5471	0305	Oslo